



Gladmelding til uskedelingane. Aktivitetshuset blir ferdig til sommaren! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gladmelding til uskedelingane i førjulsstria: Det ligg no til rette for fullføring av Aktivitetshuset til sommaren. Formannskapet har samrøystes gått inn for at kommunen skal garantera for eit lån som huset tek opp i Sparebank 1-Kvinnherad og som skal nyttast til arbeidet med garderobeavdeling og treningsrom. Saka kjem til kommunestyret 21. desember.**

I 2003 vart Uskedalen Aktivitetshus innvilga eit banklån på 1,2 millioner og ved årsskiftet 2003/2004 vart 800.000 av lånet diskontert. Aktivitetshuset nedbetalar dette lånet med 9.500 kroner pr. måned og restlånet er i dag på 734.714 kroner.

Kommunen har fått tippemidler til huset, som i tråd med retningslinene skal vera ferdigstilt i 2007. Viss det ikkje vert ferdig bygt etter føresetnadene, kan ein del av tippemiddelsummen bli tilbaketrekt frå kommunen. Difor hastar det med å få prosjektet i land, og styreleiar Vidar Haugland har teke tak i saka.

Det står att arbeid med garderobeavdeling og treningsrom for 300.000-400.000 og dette arbeidet er planlagt gjort til våren og sommaren.

Haugland har vendt seg til Sparebank 1 og spurt om restsummen på 400.000 kan bli diskontert på kontoen og nytta til å ferdigstillast huset.

Banken har bede om kommunal garanti for lånesummen.

På vegne av Uskedalen Aktivitetshus har Haugland difor søkt om slik garanti slik at dei får midlar til å gjera huset ferdig.

Rådmannen, som går inn for garantien, uttrykker seg slik:

- Dette dreier seg om utbetaling av restlånet som Aktivitetshuset fekk lovnad på i 2003. Lånet skal nyttast til sluttarbeider i garderobar og trimrom, og vil danne grunnlag for utbetaling av tippemidler i løpet av 2007.

Kommunen har i dei seinare åra lagt seg på ei line der ein gjev garanti for lån til slike føremål. Lånesøkar vil få lågare rente med kommunal garanti.

Rådmannen vil likevel påpeike den praksis som lokal bank legg opp til med å krevja garanti for ein restutbetaling av eit tidlegare innvilga lån.

For ikkje å skapa vanskar for Uskedalen Aktivitetshus, råd rådmannen til at garanti blir gitt.

Så langt rådmannen.

Men konsekvensen er altså at kommunen vil måtte ta over forpliktelsane ved misleghald..

Av Ola Matti Mathisen